

Oppdatert 20.08.21

Retningslinjer for kor mange rekrutteringsstillingar ei person kan rettleie samstundes

Ein person kan ikkje vere hovudrettleiar eller mentor for meir enn fire personar i rekrutteringsstillingar finansierte frå fakultetet samstundes (gjeld ph.d.- og postdoktorstillingar samla). Dette betyr at kandidatar som søker med hovudrettleiar/mentor som allereie rettleier fire personar ikkje vil få sin søknad vurdert. Merk at det skal liggje føre særlege grunnar for byte av hovudrettleiar/mentor undervegs i stipendiat- eller postdoktorperioden. Kandidatar reknast som «ute» frå rettleiing når dei har levert inn avhandlinga for vurdering. Det skal komme tydeleg fram frå kandidatoversikta ved søknadstidspunktet om nokon av kandidatane er i kategorien «ute».